

Lindås kommune	Adm.enhet:	Forvaltningsseksjonen i region Vest
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	Sakshandsamar:	Kari Morvik
5914 ISDALSTØ	Telefon:	90734161
	Vår referanse:	17/6695
	Dykkar referanse:	14/7786-17/12939
	Dato:	15.05.2017

Uttale til 1.gangs høyring og offentlig ettersyn av reguleringsplan Hellesneset næringsområde planID 1263-201410

Vi viser til oversending datert 05.05.2017 med framlegg til reguleringsplan for Hellesneset næringsområde.

Føremål og planstatus

Hovudføremålet med planen er å legge til rette for etablering av nye bygg, utviding av kai for tilkomst av større båtar og å betre tilhøva for den eksisterande næringsverksemda i området. I høve aktivitet knytt til sjø er det vidare framlegg om at område med eksisterande naust blir omregulert frå nærings- til naustområde.

Vår rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga.

I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Arealbruk

Akvakultur løyve og viktige område for kystnært fiske er kartlagt av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor.

De kan finne kartfesta informasjon på denne adressa: <http://kart.fiskeridir.no>.

Vår vurdering

Vi har registrert to gyteområde for torsk i Hjelmåsvågen. I tillegg har vi registrert to fiskeområde i vågen der det blir brukt garnreiskap i samband med torskefiske. Gyteområda

er registrerte i kommuneplanen. Når området er utbygd kan det føre til auka båttrafikk, men etter vår vurdering vil ikkje dette kome i konflikt med fiskeriinteressene i området.

Kysttorsk er ein sårbar art som i vårt område gyt i perioden februar – april. På grunn av nærleiken til gyteområda, vil vi rå frå at det vert gjeve løyve til bygging av kai i gyteperioden.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune

Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALSTØ

Kopi til:Bergen og Omland Havnevesen
Fiskarlaget VestPostboks 6040
Slottsgaten 3

5892

BERGEN

5003

BERGEN